



## Årsmelding 2018

Laget er tilslutta Hordaland sogelag, Landslaget for Lokalhistorie og Landslaget for lokal- og privatarkiv. Sogelaget held møta sine i heradshuset på Evanger.

Årsmøtet vart halde i heradsstyresalen i heradshuset på Evanger 21.mars kl. 18. Det møtte 17 lagsmedlemar. Leiar Grethe Finsrud Agerlie opna møtet og ynskte alle velkomne. Grethe sto for leiding og gjennomføring av møtet.

Møtet starta med 1 minutt stille for dei to lagsmedlemene som var gått bort: Arvid Herfindal og Karl Magne Bolstad.

**Økonomi.** Kasserar Svein Mykkeltvedt tok føre seg rekneskapen og gjekk gjennom dei enkelte postar. Økonomien i laget er god. Laget har fleire bøker for sal, noko som er med og støttar opp under økonomien.

**Merknader til rekneskap og årsmelding:** Øivind Teigen stilte spørsmål om rekneskapen var frå kalenderåret 2017, eller om det var for årsmøteperioden. Svein svara at rekneskapen var for kalenderåret, og må vera slik grunna årsoppgåver frå bank mm. Øivind spurde og om det same når det gjeld årsmeldinga. Kåre forklarar at årsmeldinga er skriven for funksjonsperioden, dvs. frå årsmøte til årsmøte. Dette har og vore teke opp på tidlegare årsmøter. Øivind meinte at årsmeldinga og burde følgja kalenderåret.

**Vedtak:** Årsmøtet vart, etter litt diskusjon, samde om at årsmeldinga heretter skal fylgja kalenderåret, tilliks med rekneskapen. Neste årsmelding vert difor skriven for kalenderåret 2018.

**Kåseri:** Kjartan Rødland var invitert til møtet, og heldt ein interessant og humoristisk kåseri om samferdsel i Vassvøri: Særleg om den første stamvegen, som gjekk frå Øyri til Ståi, og som var ferdig i 1806. Både veg og bane var tema, som vart knytt saman på ein god måte.

Etter kåseriet var det tid for kaffi og kaker.

**Vedlikehald.** Laget har tilsyn med Knute Nelson-stova. Her har det vore utført slåttearbeid rundt husa, utført av Knut Mestad. Steintrappa til stovehuset er i forfall, og styret har vendt seg til kommunen om dette. Kommunen, i lag med Fylkeskonservatoren har vore på synfaring i lag med representantar for sogelaget. Det trengs ei større omvøle av trappa og noko av grunnmuren, noko som sogelaget ikkje kan stå inne for økonomisk. Sogelaget fører tilsyn, og utfører enklare vedlikehald. Etter synfaringa har styret purra på kommunen om saka, men har ikkje fått svar. Styret vil halda saka varm i 2019, og håpar at kommunen og fylkeskommunen kan skaffa midlar til dette.

25.juni vart informasjonstavla i Ståi reparert, etter at den heldt på å verta teken av flaum i 2017. Ein del materialar i grindbygget vart skifta ut, og bygget vart forsterka med ekstra støtter.

12.juli vart det føreteke rydding og maling av rekkverk i Storestigen. Det har etterkvart vokse opp mykje skog inntil muren og trappene. Smijernsrekkverket trong eit strøk maling.

**Postbryggja på Evanger.** Laget har søkt om tilskot til reparasjon av bryggja til desse instansane: Voss kommune, Statens vegvesen, Hordaland Fylkeskommune og Norsk Kulturminnefond. I mai 2018 fekk sogelaget svar frå Statens vegvesen, som yter kr 100.000 i tilskot. Hordaland Fylkeskommune og Voss kommune har gitt tilsagn om tilskot på kr 200.000. Dette er kulturmidlar som kommunen mottok frå Fylkeskommunen. Vidare har ein søkt BKK om tilskot. Dei har gitt tilsagn om kr 5000.

I 2014 vart omvøla av bryggja kostnadsrekna til kr 575.000 av Haakon Aase tørrmuring. Aase skisserte då ei løysing som i korte trekk gjekk ut på å ta ned og mure opp att bryggja. Statens vegvesen sine kulturminnekonsulentar var på synfaring i mai 2018. Som ein del av Kongeveg og postveg er bryggja eigd av Staten, og Statens vegvesen har sektoransvar for denne og andre konstruksjonar som er bevart langs Kongevegen. Konklusjonen etter denne synfaringa var at dei ikkje ville tilrå Haakon Aase sitt forslag til løysing, då bryggja med det villa tapa sin identitet som bevaringsverdig kulturminne. Statens vegvesen tilrår difor fylgjande framgansmåte: Fjerne all grus inni og på overflata av bryggja, og erstatta denne med elvestein. Få på plass att stein som er glidd ut og stein som ligg skeivt, det same med trappetrinn. Leggja ei rast med stein framfor nederste trinn, samt på begge langsider; dette for å hindra utgliding. Reparere synlege skeivheiter på langsiden.

Med dette som utgangspunkt utarbeidde styret i sogelaget v. Kåre Olav Aldal eit tilbodsgrunnlag hausten 2018. 3 entreprenørar vart inviterte til å gi pristilbod: Jordalen Entreprenør AS, Hirth Himle Entreprenør AS, og Voss Maskinstasjon AS, der sistnemnde leverte beste tilbodet. Tilbodsoپning fann stad 20.desember. Entreprenøren skal ferdigstille arbeidet innan 15.september 2019. Det kan verta noko tilleggsarbeid undervegs, men ein er likevel trygg på at laget vil koma godt ut i høve til økonomien i prosjektet.

**Flåtenaustet** på Bolstad. Det er lekkasje på taket over Flåtenaustet. Styret har vore i kontakt med Voss vidaregåande skule, linje for byggfag, og spurt om dei kan ta på seg arbeidet. Det er noko uvisst om dette let seg gjera. Ein ventar svar på dette våren 2019. Styret har og kontakta ein byggmeister, som har vore på synfaring. Kostnadene veit ein ikkje enno, men det vert eit stort løft dersom sogelaget skal ta på seg dette. Det ser heller ikkje ut til at det let seg gjera å få tilskot til dette.

#### **Tilskipingar:**

**Årsmøte i Hordaland sogelag** og lokalhistoriske dagar vart arrangert på Voss laurdag 7. og søndag 8.april. Frå styret møtte Grethe Finsrud Agerlie og Svein Mykkeltvedt laurdag, og Grethe og Kåre Olav Aldal søndag. Laurdag var det opning av lokalhistoriske dagar, og omvising på Bergslittræet og på Hedlebergmuseet på Kyte. Søndag starta med omvising på Voss Folkemuseum på Mølster, og deretter var det ordinært årsmøte på Voss vandrarheim.

**28.april** var sogelaget vertskap for **lågterskeltur til Bolstad**. Turen vart arrangert av Voss sogelag og Voss Utferdslag. 21 personar var møtt fram på stasjonen, der Kjartan Rødland starta med å fortelja om jernbanen, elva og utviklinga av lokalsamfunnet på Bolstad. Vidare fortalde han om brua, ungdomshuset, Borggarden og andre hus på Øyri. Deltakarane fekk og grundig informasjon om kyrkjegarden og Bedehuset. Som vanleg fortalde Kjartan i ein humoristisk tone, og utruleg mange historiar og detaljar kom fram undervegs. Neste post på programmet var kaffi og kaker i Bedehuskjellaren. Der fortalde Grethe om Flåteprosjektet til sogelaget i kulturminneåret 1997. Forsamlinga fekk ei grei innføring i prosjektet før turen gjekk vidare til Flåtemuseet. Deretter vart turen avslutta der den starta: På stasjonen.

**20.juni var det kulturvandring på Væle.** Ingmar Mykkeltveit var guide og kjentmann, og hadde mykje interessant å fortelja. 13 personar deltok.

**25-årsjubileum.** 29.september var det kulturvandring og markering av 25-årsjubileet for sogelaget. Arrangementet var gratis, og ope både for medlemar og andre. Turen gjekk først til Stamneshella, der me fekk ei grundig og interessant orientering om sandfrakt i Stamnes gjennom 150 år av Odd Helland. Orienteringa gjekk føre seg i klubbhuset til veteranklubben Sjøtun. Sigmund Simmenes orienterte om tettstaden Stamnes, og historia rundt den. Det var og høve til å sjå utstilling av skipsmotorar og ei restaurert ostraskute som er utstillt på same staden. Så gjekk turen til Straume, der Bjørg Dæmring Berge gav ei grei orientering om Skulemuseet, Kallestadstova og Verpelstadsamlinga mm. Deretter reiste folket til Verpelstad Gard til festmiddag. På menyen sto lammesteik med dessert og kaffi. På Verpelstad vart det og tid til orientering om sogelaget, aktivitetar i laget, utdeling av gåver mm. Vassvøri sogelag fekk ei raus gåve av Vaksdal Historielag: Kr 100 for kvart år sogelaget har eksistert. Grethe delte ut gåver til dei tre omvisarane: Boka «Toget over vidda» til Bjørg og Sigmund, og medlemskap i Vassvøri sogelag til Odd Helland. Kåre Olav fortalde om historia til garden Verpelstad. Då turen var open for andre enn medlemar, fekk me og 4 nye medlemar i laget denne dagen. På kulturvandringa møtte det 29 personar, og til middagen 27, inkludert omvisarane på kulturvandringa. Desse tre er alle medlemar i Vaksdal Historielag, og Sigmund Simmenes er leiar. Odd Helland orienterte og om dragebryggja på Straume. Dårleg ver gjorde at denne orienteringa høvde best å ta innandørs. Grethe takka til slutt for godt frammøte, og ynskte alle vel heim.

**Sogeskiftet «Frå fjell til fjord»** var ute i god tid før jol. Skriftnemnda gjer eit framifrå arbeid kvart år, med innhenting av stoff, redigering og anna arbeid med boka. Me fekk i år særleg god omtale i avisa Hordaland. Boka er populær, både blant medlemmer og andre. Ottar Bergstad må nemnast, med stor innsats når det gjeld sal av boka. På årsmøtet kom det framlegg om at dei to første utgåvene av «Frå fjell til fjord», -95 og -96 utgåvene, burde trykkjast om att. Desse vart trykt som hefter, og er utselde for mange år sidan. Hefta må skrivast om att, og Per Eskeland sa seg villig til å skriva. I tillegg har Kjartan Rødland sagt at han og kan bidra med skriving. Ein legg opp til å få trykt om att hefta i 2019.

**Heimesida.** Etter mange år med ei utdatert og inaktiv Heimeside, kunne ein endeleg oppleva ei ny og aktiv side. Å laga ei heimeside krev spesialkompetanse. Laget er så heldige å ha Dag Finne i styret. Dag innehar denne kompetansen, og har stått for utvikling av heimesida. Logolink vart peika ut som leverandør og drifting av sida, etter at det var henta inn tilbod frå to firma. Heimesida er no oppe og går, og her finn ein aktuelt stoff som: Presentasjon av sogelaget, aktuelle tilskipingar, bøker for sal, lagssoge mm. Biletgalleri er ikkje på plass enno, men dette er under arbeid. Heimesida har nettadressa: [www.vassvørisogelag.org](http://www.vassvørisogelag.org). Stor takk til Dag som har gjennomført arbeidet med heimesida!

**Facebook.** Sogelaget har og oppretta ei gruppe på Facebook, der det vert lagt ut aktuelle saker, møteinnkalling mm.

**Møter.** Styret har i 2018 hatt 8 styremøter. 2018 har vore eit aktivt år, med mange ulike saker og tilskipingar.

**Takk for innsatsen:** Grethe delte ut kvar sin blom og takka for innsatsen til skriftnemnda: Øivind Teigen, Per Eskeland, Knut Hjørnevik og Olav Edal. Sogeskriftseljar Ottar Bergstad fekk og blom for godt boksal.

**Tal medlemmar:** 112. Laget har fått 9 nye medlemmar i 2018.

**Styret i 2018** har vore:

Leiar: Grethe Finsrud Agerlie, valt for 1 år i 2018

Nestleiar: Knut Mestad, valt for 2 år i 2017

Kasserar: Svein Mykkeltvedt, valt for 2 år i 2018

Skrivar: Kåre Olav Aldal, valt for 2 år i 2018

Styremedlem: Dag Finne, valt for 2 år i 2017

Varamedlemer: Kjellaug Århus og Kåre Tufte, begge valt for 1 år i 2018

Valnemnd: Einar Horvei (leiar), valt for 3 år i 2016, Leif Akerlie valt for 3 år i 2017 og Anny Forthun valt for 3 år i 2018.

Revisorar: Ivar Hernes og Norvald Lien Mugås, begge valt for 1 år i 2018.

Horvei 14.februar 2019

Kåre Olav Aldal

skrivar

